



Kinn kommune

# Delegeringsreglement

Vedtatt 06.11.2019, kommunestyresak 025/19  
Ansvarleg: Rådmann

# Delegeringsreglement

Vedtatt 06.11.2019, kommunestyresak 025/19.

## Innholdsoversikt

1. Om reglementet

2. Delegering av mynde til rådmannen

3. Retningslinjer for klage på kommunale vedtak

# 1. Om reglementet

Reglementet har tre delar:

1. Prinsipp for organisering og delegering
2. Reglement for politiske utval og delegering til desse
3. Delegering frå kommunestyret til rådmannen

Referansane er til kommunelova (§ X). Andre referansar vert nemnd med lov og paragraf.

## 1.1 Kommunestyret

Kommunestyret er det øvste organet, og *kommunestyret treffer vedtak så langt ikke annet følger av lov eller delegeringsvedtak* (§ 6).

Gjennom delegeringsreglementet får andre organ legitimitet til å ta avgjerd på vegner av kommunestyret.

## 1.2 Om delegeringa

Reglementet er i samsvar med reglane i kommunelova. Dette gjeld spesielt delegering til formannskapet (§ 8-3), ordførar (§ 9-5) og utval (§ 10), samt delegering til administrasjonssjefen *som den øverste leder for den samlede kommunale administrasjon* (§ 23).

## 1.3 Prinsipp

Det er ikkje mogleg å ha eit reglement som dekker alle typar avgjerder for drift og forvaltning. Dokumentet føreset difor at dei som skal utøve mynde må utøve eit skjøn ut frå kva som er prinsipp saker. Etter kommunelova er det berre saker som er av *ikkje* prinsipiell karakter vi kan delegere. Den formuleringa er sentral i delegering til administrasjonssjefen. Etter § 23 er det berre han kommunestyret kan delegere til i administrasjonen. Administrasjonssjefen kan delegere vidare.

### 1.3.1 Rapportering

Enkelte avgjerder skjer på fagleg grunnlag og kan ha konsekvensar med politisk interesse. Som døme kan ei avgjerd om ei teneste til innbyggjarar vere fagleg grunngjeven med heimel i lov. Med den heimelen må vi yte tenesta, men å finansiere den treng politisk avklaring. Dersom administrasjonssjefen ikkje kan finansiere tiltaket gjennom budsjettet skal han orientere formannskapet som økonomiutval så snart som råd, og finansieringa vert å ta opp ved økonomirapportering og/eller justering av budsjettet.

### 1.3.2 Korleis finne ut om det er ei prinsipp sak

Dersom det er tvil om ein har mynde til å ta ei avgjerd, er det ei plikt for organet eller den som har rolla å finne ut av det. Om saka er prinsipiell eller ikkje, kan vere omtala i lov, planar, strategivedtak eller praksis gjennom vedtak i tilsvarande saker.

For å få klart om administrasjonen sin praksis er i tråd med det fleirtalet i kommunestyret kan stille seg bak, kan kommunestyret eller andre politiske organ be om ei orientering om ei konkret sak eller saksfelt. På same vis bør administrasjons-sjefen fremme ei sak som han i utgangspunktet har mynde til å avgjere, eller på anna vis sondere kva som er fleirtalet si meining om korleis saka bør handsamast vidare.

## 1.4 Mynde til spesielle roller i organisasjonen

Lova knyt mynde til bestemte roller i kommuneorganisasjonen. Kommunestyret kan gi ordførar fullmakt til å treffe vedtak i enkeltsaker som ikkje er prinsipielle. I administrasjonen er bestemte roller, ansvar og mynde knytt til fagleg kompetanse.

Lovene gir slik mynde:

Rolle	Lovheimel
Skatteoppkrevjar	Skattebetalingslova § 48
Rektor	Opplæringslova § 9-1
Skulefagleg kompetanse	Opplæringslova § 13-1
Barnevernsleiar	Lov om barnevernstjenester § 2-1
Arkivansvarleg	Arkivlova § 12, forskrift 1193 §2-1
Biblioteksjef	Lov om folkebibliotek § 5
Kommunelege	Lov om komm. helse og oms. §5-5
Tek i vare barn sine interesser i plansaker	Plan og bygningslova § 3-3
Verneombod	Arbeidsmiljølova § 6-3

Mynde til desse rollene er avgrensa til faglege avgjersler etter lova. I alle andre samanhengar skal dei følgje den administrative tenestevegen.

## 1.5 Gyldig delegering

For å delegere lovleg må følgjande vere på plass:

1. Det må vere høve etter lova å delegere vedtaket

2. Delegeringsvedtaket må vere formelt rett
3. Delegeringsvedtaket må vere gjort av eit organ som har mynde til det
4. Delegeringa må skje til eit organ som lova gir høve å delegere til
5. Den som gir fullmakt må vere overordna den som mottar den.

Folkevalde organ kan ikkje delegere mynde til andre i administrasjonen enn administrasjonssjefen.

## 1.6 Delegering, men ansvar

Dei som gir mynde til eit organ har ansvar for og kontroll med avgjerslene som er delegert. Dei kan tilbakekalle delegert mynde og instruere eller overprøve det organet dei har gitt mynde til. Det gjeld også delegering frå administrasjonssjefen.

## 1.7 Oppdatering av delegeringsreglementet

Den digitale utgåva av delegeringsreglementet (portalen, heimesida skal vere fortløpande oppdatert.

Kommunestyret skal handsame reglementet tidleg i valperioden.

I tillegg til at nytt kommunestyre gjer vedtak om delegeringsreglementet, skal reglementet fortløpande reviderast for endringar i lovverk, organisering og endra roller.

I administrasjonen vil det vere ein eigen funksjon med ansvar for å koordinere og kvalitetssikre at endringane blir gjennomført. I tillegg er det spesifisert som eit leiaransvar innan dei ulike tenesteområda å fange opp endringar i lovene, jamfør *Leiaravtale for Kinn kommune* punkt 1.1.1, siste strekpunkt.

## 1.8 Reglement for formannskapet

### 1.8.1 Formannskapet sitt arbeidsområde

Formannskapet er kommunen sitt økonomiutval.

Formannskapet handsamer saker om økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak. Kommunestyret kan delegere og gi formannskapet oppgåver og mynde i alle saker der ikkje anna er bestemt i lov (§8-3).

### 1.8.2 Delegering frå kommunestyret til formannskapet

Formannskapet får slik mynde:

- a. Med heimel i kommunelova § 8.3 avgjerdsmynde i alle saker det er høve å delegere etter kommunelov eller særlov og som ikkje er delegert til andre organ eller rådmannen.
- b. Alle saker som vert handsama i kommunestyret vert å fremme for formannskapet med unntak av dei sakene som er delegert utvala.
- c. Gjere vedtak innanfor sitt saksfelt i saker som etter lova, eller dette reglementet, ikkje skal avgjerast av kommunestyret.
- d. Innstille til kommunestyret i vedtak om økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak (§8-3), samt i andre saker med økonomisk verknad og skal til kommunestyret.

- e. Punkt d) ovanfor gjeld saker med økonomisk verknad over kr 500 000. For inntil denne summen kan formannskapet gjere vedtak. Slike saker vert å referere i kommunestyret og skal med i den førstkomande revidering av budsjettet.
- f. Innstille i alle prinsipp saker om kommunen si økonomiforvaltning.
- g. Gjere vedtak i hastesaker etter kommunelova §13.
- h. Opprette og utnemne arbeidsgrupper (ad hoc utval) for ei avgrensa tid med føremål som ligg innanfor formannskapet sitt arbeidsområde, og fastsette mandat for arbeidet.

## **1.9 Reglement for Helse- og velferdsutvalet**

### **1.9.1 Helse- og velferdsutvalet sitt arbeidsområde**

Utvalet har følgjande arbeidsområde:

- a. Helse, velferd og omsorgstenestene
- b. Sosiale tenester i velferdsforvaltninga

### **1.9.2 Delegering frå kommunestyret til Helse- og velferdsutvalet**

- a. Utvalet har avgjerdsmynde i saker innanfor sitt ansvarsområde, med unntak av dei saker som kommunestyret sjølv avgjer etter lova, eller har vedtatt dei sjølv skal avgjere.
- b. I saker som utvalet ikkje sjølv kan avgjere skal dei innstille til kommunestyret. Om sakene har økonomiske konsekvensar skal dei innstille til formannskapet.
- c. Utvalet sine vedtak skal følgje sakene til kommunestyret.

## **1.10 Reglement for Kultur og oppvekstutvalet**

### **1.10.1 Oppvekstutvalet sitt arbeidsområde**

Utvalet har følgjande arbeidsområde

- a. Barnehage
- b. Grunnskule
- c. Kulturskule
- d. Kultur
- e. Vaksenopplæring

### **1.10.2 Delegering frå kommunestyret til Kultur og oppvekstutvalet**

- a. Utvalet har avgjerdsmynde i saker innanfor sitt ansvarsområde, med unntak av dei saker som kommunestyret sjølv avgjer etter lova, eller har vedtatt dei sjølv skal avgjere.
- b. I saker som utvalet ikkje sjølv kan avgjere skal dei innstille til kommunestyret. Om sakene har økonomiske konsekvensar skal dei innstille til formannskapet.
- c. Utvalet sine vedtak skal følgje sakene til kommunestyret.

## **1.11 Reglement for Plan- og samfunnsutvalet**

### **1.11.1 Plan- og samfunnsutvalet sitt arbeidsområde**

- a. Plan- og byggesaker
- b. Konesjonslova
- c. Eigarseksjoneringslova
- d. Lov om eigendomsregistrering
- e. Lov om eigendomregulering
- f. Nabolova
- g. Lov om vern om forureining og avfall
- h. Veglova
- i. Vegtrafikklova
- j. Lov om brann og eksplosjonsvern
- k. Lov om laksefiske og innlandsfiske
- l. Jordlova
- m. Odelslova
- n. Skoglova
- o. Lov om friluftslivet
- p. Viltlova
- q. Lov om folkehelsearbeid

#### **1.11.2 Delegering frå kommunestyret til Plan- og samfunnsutvalet**

- a. Utvalet har avgjerdsmynde i saker innanfor sitt ansvarsområde, med unntak av dei saker som kommunestyret sjølv avgjer etter lova, eller har vedtatt dei sjølve skal avgjere.
- b. I saker som utvalet ikkje sjølve kan avgjere skal dei innstille til kommunestyret. Om sakene har økonomiske konsekvensar skal dei innstille til formannskapet.
- c. Utvalet sine vedtak skal følgje sakene til kommunestyret.

## 2. Delegering av mynde til rådmannen

### 2.1 Tilhøvet mellom politisk nivå og tilsette i kommunen

Kommunestyret forhold seg direkte som arbeidsgjevar kun til administrasjonssjefen. Dei nærare rammene og reglane for administrasjonssjefen sitt ansvar og mynde følgjer av reglement.

Tilhøvet mellom tilsette og leing, medverknad og samarbeid er nedfelt i Hovudavtalen. I tillegg skal det partsamansette Administrasjonsutvalet sikre at kommunen sin arbeidsgjevarpolitikk både fungerer og vert utvikla, samt at naudsynt kunnskap går frå dei tilsette til politisk nivå og omvendt. Det er likevel viktig å forstå dei folkevalde si spesielle rolle som ombod for alle innbyggjarane i kommunen. Så lenge ein forstår dei respektive rollene og følgjer lov og avtaleverket – er det både tillatt og ønskjeleg at det er eit ope og godt forhold mellom dei folkevalde og dei tilsette i kommunen.

### 2.2 Administrasjonssjefen sitt ansvar og mynde

Delegering frå kommunestyret til administrasjonssjefen er forankra i kommunelova § 23 1-4. I tråd med dette er administrasjonssjefen si rolle definert slik:

- a. Administrasjonssjefen er den øvste administrative leiaren for den samla kommunale administrasjonen, med dei unntak som følgjer av lov, og innanfor dei rammer som kommunestyret fastset.
- b. Administrasjonssjefen skal sjå til at saker som vert lagt fram for folkevalde organ er forsvarleg utgreidd og at vedtak vert satt i verk. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen vert drive i samsvar med lov, forskrifter og overordna instruksar og at den har gode rutinar for gjennomføring og kontroll. Prinsippa for fullført sakshandsaming vert å legge til grunn.
- c. Administrasjonssjefen har møte- og talerett, personleg eller ved ein av sine underordna i alle kommunale folkevalde organ, med unntak av kontrollutvalet.
- d. Kommunestyret gir fullmakt til å treffe vedtak i saker som ikkje er prinsipielle, dersom kommunestyret ikkje har avgjort noko anna.
- e. Administrasjonssjefen har innstillingsrett og innstillingsplikt i saker som vert fremma for fyrstegangs handsaming i eit folkevald organ. I den vidare sakshandsaminga i formannskap eller kommunestyret, skal administrasjonssjefen si innstilling gå klart fram av saka.
- f. I spesielle tilfelle og etter avtale med ordførar kan administrasjonssjefen fremme sak direkte til kommunestyret.
- g. Administrasjonssjefen har høve til å trekke ei sak frå sakskartet dersom han meiner den ikkje er tilstrekkeleg opplyst.

### 2.3 Hovudtrekk i kommunestyret si delegering av mynde til administrasjonssjefen

- a. Kommunestyret si delegering av mynde til administrasjonssjefen går på to hovudområde. Det første går på mynde til å drifte og utvikle kommuneorganisasjonen innanfor dei rammene som kommunestyret har bestemt. Det andre gjeld mynde til å ta avgjerd etter lova som forvaltingsorgan.



- b. Administrasjonssjefen har fullmakt til å delegere mynde vidare i kommuneorganisasjonen. Slik delegering skal vere spesifisert i eige administrativt delegeringsreglement. Delegasjonsvedtak som ikkje går fram av reglementet, skal gjerast skriftleg og vert å rapportere til kontrollutvalet og revisjonen.
- c. Bestillingar til administrasjonen skal skje gjennom vedtak i møte i folkevalde organ.
- d. Berre kommunestyret sjølv kan disponere unyttar økonomiske tildelingar som følgje av at tiltak ikkje er sett i verk.
- e. Delegeringa nemnd under går via utvala slik det går fram av tabellane.

## 2.4 Oversikt over delegering til administrasjonssjefen

### 2.4.1 Administrasjon og personalforvaltning

	Innhald	Merknad
a	Ta avgjerd innanfor drift av kommunen innanfor dei rammene kommunestyret har vedtatt	
b	Opptre som arbeidsgjevar på vegne av kommunestyret overfor dei tilsette innanfor lov- og avtaleverk og planverk vedtatt av kommunestyret	
c	Tilsette i alle stillingar i kommunen unntatt rådmannsstillinga	
d	Tilpasse organisasjonen i tråd med overordna mål gitt av kommunestyret, forsvarleg tenesteyting og god ressursbruk	
e	Opprette, legge ned og endre stillingar innanfor dei økonomiske rammene kommunestyret har bestemt	

### 2.4.2 Økonomistyring

Administrasjonssjefen sitt mynde innan økonomi- og finansforvaltning er fastsatt i eige økonomireglement for Kinn. Reglementet gir eit oversyn over rammer og avgrensingar for kommunen si økonomistyring og finansforvaltning. Fullmakter, instruksar og/eller rutinar skal vere heimla i reglementet

	Innhald	Merknad
a	Administrasjonssjefen si fullmakt i høve å utarbeide økonomiplan, disponering av økonomiske ressursar og rapportering er spesifisert i økonomireglementet.	

b	Administrasjonssjefen har fullmakt til å gjennomføre finansforvaltning i slik det er spesifisert i økonomireglementet.	
c	<p>Økonomi- og finansforvaltninga skal skje med heimel i gjeldande lov og forskrift i kommunane, blant anna:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommuneleva, § 46 nr 8 (LOV -1992-09-25-107)</li> <li>• Forskrift om årsbudsjett, §48 nr 6 (2000.12.15 nr 1423)</li> <li>• Forskrift om årsreknskap og årsberetning, §49 nr 2 (2000.12.15 nr 1424)</li> <li>• Forskrift om rapportering, § 51 nr 3, (2000.12.15 nr 1425)</li> <li>• Forskrift om garantiar, § 52 nr 2 (2001.02.02 nr 0144)</li> <li>• Forskrift om finansforvaltning (2009.06.09 nr 0635)</li> </ul>	

### 2.4.3 Helse- og velferdsforvaltninga

Kommunestyret delegerer til Helse- og velferdsutvalet som delegerer vidare til rådmannen slik mynde:

	Innhald	Merknad
	<p>Gjere vedtak og ta avgjersle knytt til drift av tenester som er regulert av gjeldande lov for helse-, omsorgs-, og sosiale tenester. Fullmakta gjeld ikkje vedtak som kommunestyret etter lova ikkje kan delegere.</p> <p>Delegeringa gjeld følgjande lovverk med tilhøyrande forskrifter:</p>	
a	Lov om kommunale helse og omsorgstenester	
b	Lov om barnevernstenester	
c	Lov om sosiale tenester i velferdsforvaltninga	

d	Lov om folkehelsearbeid	
e	Lov om helsepersonell (helsepersonellova)	
f	Lov om pasientrettigheter	
g	Lov om helsemessig og sosial beredskap	
h	Lov om vern mot smittsomme sykdommer	
i	Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m v	Kommunestyret skal handsame saker om løyve
j	Lov om serveringsvirksomhet	
k	Lov om vern mot tobakkskader	
l	Lov om helseregistre og helseopplysninger	
m	Lov om krisesentertilbud	

#### 2.4.4 Oppvekstforvaltinga og kultur

Kommunestyret delegerer til oppvekstutvalet som delegerer vidare til rådmannen slik mynde:

	Innhald	Merknad
	Delegeringa gjeld følgjande lovverk med tilhøyrande forskrifter:	
a	Barnehagelova	
b	Opplæringslova	
c	Folkebiblioteklova	

d	Kulturlova	
e	Kulturminnelova	
	Målbrukslova	
	Lov om folkehelsearbeid	

## 2.4.5 Tekniske tenester

Kommunestyret delegerer til Plan- og samfunnsutvalet som delegerer vidare til rådmannen slik mynde:

	Innhald	Merknad
	Delegeringa gjeld følgjande lovverk med tilhøyrande forskrifter:	
a	Plan og bygningslova	
b	Konsesjonslova	
c	Eierseksjoneringslova	
d	Lov om eiendomregistrering	
e	Lov om eiendomsregulering (matrikkellova)	
f	Nabolova	
g	Lov om vern mot forureining og avfall	
h	Veglova	
i	Vegtrafikklova	
j	Brann- og eksplosjonslova	
k	Lov om laksefiske og innlandsfiske	

l	Jordlova	
m	Odelsova	
n	Skoglova	
o	Lov om friluftslivet	
p	Lov om vilt (viltlova)	
q	Lov om folkehelsearbeid	
r	Ta avgjerd om kommunen si drift av eigedomar, bygg og anlegg innanfor dei retningsliner, planar og rammer som er fastsatt i kommunestyret	
s	Inngå avtalar og kontraktar for kommunen sine bygg og anlegg innanfor dei retningsliner som er fastsatt i lov og forskrift, og etter vedtekne planar, retningsliner og rammer som er fastsatt av kommunestyret	
t	Gjennomføre utbyggingsprosjekt for Kinn kommune etter vedtekne planar, retningsliner og rammer.	

### **3. Retningsliner for klage på kommunale vedtak**

Som eit hovudsprinsipp vert ei klage på enkeltvedtak først å handsame på ny i det organet som først har handsama saka. Dersom klage på administrativt enkeltvedtak, frå administrasjonen si side vert føreslege oppretthalden, vert saka å drøfte med klagenemnda før administrasjonen tar endeleg avgjerd. Det vert å føre protokoll over drøftinga. Deretter skal klagen gå til klagenemnda.

Prosedyrar for klagehandsaming i lova vert å følgje. Kommunen sitt klageorgan er Klagenemnda. I enkelte tilfelle spesifiserer lova fylkesmannen som klageinstans.

Retningsliner for klage vert å innarbeide i planverk for dei ulike tenesteområda.